

Forvaltningsrevisjon av beredskap på vegnettet

Viser til brev av 13. mars 2018, der det varslast ein forvaltningsrevisjon av beredskap på vegnettet i Hordaland fylkeskommune.

Fylkeskommunen sitt ansvar for beredskap på vegnettet og transportberedskap er knytt til to ulike ansvarsområde, nemleg fylkeskommunen sitt ansvar som vegeigar og knytt til fylkeskommunen sitt ansvar innan sivil transportberedskap i fylket som er pålagt i forskrift om sivil transportberedskap. I det følgjande refererer punktnummeringa seg til nummereringa i brevet av 13. mars.

1. Fylkeskommunen sitt ansvar for beredskapen på fylkesvegnettet er på taktisk og operativt nivå teke i vare av statens vegvesen gjennom sams vegadministrasjon og dei styrande dokumenta; rammeavtala og årlege leveranseavtalar.
Når det gjeld fylkeskommunen sitt ansvar for sivil transportberedskap i fylket er fylkesrådmannen øvste ansvarlege. Oppgåva har tradisjonelt vorte lagt til transportplanseksjonen på samferdselsavdelinga. Frå 2013 vart oppgåva tatt i vare av vegseksjonen grunna personellsituasjonen. For tida er desse to seksjonane organisert under felles seksjonsleiar og oppgåvene delast mellom personar på desse seksjonane.
 2. Sjå over.
 3. Dokumentet; «Transportberedskap Hordaland» som er i siste fase på ein revisjon. Dokumentet inneheld m.a. ein ROS-analyse etter krav i forskrift om sivil transportberedskap. Siste revisjon av dokumentet er ikkje heilt slutført. Derfor leggest siste vedtatte og dokumentet ikkje vedtatt lagt ved.
 4. Som oppfølging til dokumentet over vart det utarbeidd ein beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen, som ei oppfølging av dette igjen vart det utarbeidd ein felles beredskapsplan for Sotrasambandet.
 5. Finst ikkje skriftlege rutinar for arbeidet med sivil transportberedskap.
 6. Hordaland fylkeskommune sin overordna beredskapsplan legg føringane for korleis varsling og kommunikasjon skjer ved handtering av ei krise under fylkeskommunen sitt ansvarsområde. Ved ei hending på fylkesvegnettet vil statens vegvesen sin kriseorganisasjon og deira kriseplanverk legge rammene for handtering av ei hending.
 7. For fylkeskommunen si eige verksemd gjeld overordna beredskapsplan og for hendingar på fylkesvegnettet gjeld statens vegvesen sitt planverk på same måte.
 8. Det har ikkje vore hendingar som har løyst ut behov for den ekstraordinære transportberedskapen som fylkeskommunen har ansvar for.
 9. Når det gjeld transportaktørar som ressurs i handtering av ei hending, finst eit oversyn på side 35-40 i transportberedskap Hordaland. Oversikt over løyvehavarar på godstransport, turvogn og drosje finst på transportloyve.no.
 10. Hordaland fylkeskommune har ikkje inngått avtalar under ansvaret for sivil transportberedskap sett bort frå dei overordna avtalane i sams vegadministrasjon med statens vegvesen(Ramme- og leveranseavtale).
- Elles har det vore samarbeid med eksterne i følgjande prosessar, med følgjande deltakarar: [Transportberedskap Hordaland](#); Bergen Brannvesen, Bergen kommune samferdselsetaten, Bring Logistics, Nobina buss, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland Politidistrikt, Jernbaneverket, Samferdselsdepartementet, Sivilforsvaret, statens vegvesen, Tide Buss AS, sjå i dokumentet. [Møte i nettverkegruppa sivil transportberedskap 03.02.2016, inviterte](#); Bergen brannvesen, Bergen- og omland havnevesen, Forsvarets logistikkorganisasjon, Fylkesmannen i Hordaland, Haakonvern Orlogsstasjon, Hordaland politidistrikt, Hordaland sivilforsvarsdistrikt, Jernbaneverket, Nobina, Skyss, Statens vegvesen reigon vest, Tide Buss AS, Tollpost Globe AS.
 - [Beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen](#); statens vegvesen, Bergen kommune, næringslivsrepresentantar frå Askøy og Sotra, dei aktuelle kommunane.
 - [Felles beredskapsplan langvarig stenging av Sotrabrua](#); statens vegvesen, kommunane Bergen, Fjell, Øygarden og Sund og Bergen og omland havnevesen.

Vedlegg:

Rammeavtale mellom Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen region vest.

Leveranseavtale mellom Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen region vest, med vedlegg.

Overordna beredskapsplan Hordaland fylkeskommune.

Transportberedskap Hordaland, 2011 og 2017/18 revisjon.

Beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen.

Saksframlegg beredskapsplan for brusambanda rundt Bergen.

Felles beredskapsplan for langvarig stenging av Sotrabrua, merk at kontaktinfo i varslingslista på side 5 som er grunnlaget for at dokumentet er unnateke offentlegheit er tatt ut i den oversendte versjonen.